



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

19.06.2025

Vår ref:

2025/6999

Dykkar dato:

30.04.2025

Dykkar ref:

202106995

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til søknad om konsesjon - regulering av Isdalsvatnet - Kvinnherad - Gjetingsdalen Kraft AS

Ei regulering av Isdalsvatnet vil føre til at ein lokal førekomst av ein sårbar (VU) moseart vil forsvinne, og dammen vil forringe landskapsopplevinga ved vatnet. Alt i alt vil vi ikkje rå frå at det blir gitt konsesjon, men vi set likevel spørjeteikn ved om ei såpass lita auke i årleg energiutbytte kan forsvare dei nye inngrepa og ulempene for naturmiljø og friluftsliv.

Vi viser til høyringa av konsesjonssøknad for regulering av Isdalsvatnet.

Kva søknaden gjeld

Gjetingsdalen Kraft AS har søkt om løyve etter vassressurslova til regulering av Isdalsvatnet, ved passiv regulering av vatnet mellom kote 925,5 og kote 928 (totalt 2,5 meter). Det skal byggjast ein 24 meter lang og inntil 3,5 meter høg dam ved utløpsosen i sørvest, utforma som ein skråstilt betongplatedam med passiv regulering. Anlegget skal byggjast veglaust.

Frå dammen vil vatnet renne i elveløpet ned til inntaket til Gjetingsdalen kraftverk. Reguleringa vil føre til at små og middels store, kortvarige flaumar blir dempa, og at vassføringa blir jamnare, og heile tilsiget vil bli sleppt i periodar med lågt tilsig og vasstand nær lågaste regulerte vasstand (LRV). Føremålet med tiltaket er å utjamne tilsiget til Gjetingsdalen og Dalelva kraftverk, og auke den samla årsproduksjonen i dei to kraftverka med om lag 0,91 GWh.

I miljørapporten er området vurdert til å ha stor verdi for naturmangfald, og middels verdi for landskap og friluftsliv. Verdiane for naturmangfald er knytt til den raudlista naturtypen elvevassmassar, to raudlista artar, og rik moseflora med nasjonalt og regionalt sjeldne artar. Ei utbygging vil få «noko negativ konsekvens» for naturmangfald, på grunn av at ein veksestad for ein raudlista mose vil forsvinne. Endringa av vassføringa i elva er vurdert til ikkje å bety noko, korkje for naturmangfald eller landskapsbiletet. Dammen vil bli eit varig landskapsinngrep, men innafor eit avgrensa område, og konsekvensen er vurdert til «små eller ubetydeleg negativ konsekvens». For friluftslivet vil det vere villmarksopplevinga lokalt ved Isdalsvatnet som vil bli påverka, og konsekvensen er vurdert til «ubetydeleg negativ konsekvens».

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



Vår vurdering

Søknaden gjeld vidareutbygging av eit allereie utbygt vassdrag, og vil gi eit lite bidrag til å nå nasjonale mål om energiutbygging. Ei utbygging som det er søkt om, vil føre til nye inngrep langt høgare oppe i vassdraget, og i eit nytt landskapsrom. Vassføringa nedanfor dammen vil bli jamna ut, men dette vil utgjere ei relativt moderat endring.

Miljørapporten er basert på feltkartlegging 8. november. Dette er langt etter hekkesesongen for fugl, og for seint òg til å registrere karplanteflora, men framleis innanfor relevant registreringsperiode for mosar og lav.

Det er særleg eit funn av raudlistearten bresotmose ved planlagt reguleringsdam vi meiner er relevant i saka. Denne førekomsten vil forsvinne dersom dammen blir bygd. I miljørapporten er arten sett i raudlistekategori nær truga (NT), men rett kategori skal, ifølgje Artsdatabanken, vere sårbar (VU). Vi har likevel ikkje innvendingar til konsekvensvurderinga i miljørapporten om «noko negativ konsekvens». Andre raudlisteartar eller nasjonalt og regionalt sjeldne artar som er registrert i området, er ikkje venta å bli nemneverdig påverka av tiltaket.

I ekspertvurderinga av bresotmose for Artsdatabanken, har ein tatt utgangspunkt i at klimaendringar i framtida vil redusere tilgangen på habitattypene (våtsnøleie og snøleiekjelde) for arten. Det er altså ikkje fysiske inngrep som er hovudårsaka til ein forventa tilbakegang. Som Artskart viser, er det få og spreidde funn av bresotmose i fjellet i Hardanger, men den er elles utbreidd i fjellet i heile landet, og ser ut til ikkje å vere uvanleg i område som er godt undersøkte. Dette gjer at vi ikkje legg spesielt stor vekt på denne førekomsten i vurderinga vår.

Som nemnt i miljørapporten er det hekkeplassar for kongeørn i området. I ein eventuell konsesjon må det dermed føresetjast at flygeruter og eventuelt tidsrom for helikoptertransport skal avklarast nærare med Statsforvaltaren.

Det går ei kraftlinje over Isdalsvatnet i dag. Miljørapporten viser at har landskapsrommet ved vatnet likevel har eit villmarkspreg. Planlagt reguleringsdam vil forringe landskapsbiletet ved vatnet, men vil ifølgje miljørapporten få små konsekvensar for landskap og friluftsliv ut over dette.

Med helsing

Solveig Kalvø Roald
fung. seksjonsleiar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune
Kvinnherad kommune

Postboks 7900
Rosendalsvegen 10

5020 BERGEN
5470 ROSENDAL